

JAKTREGLAR SMÅVILTJAKT



- Alle som jaktar småvilt i Skjak Almenning må løyse jaktkort.
- Innehavar skal alltid ha jaktkort, betalt jegeravgiftskort og gyldig legitimasjon med seg under jaktutøving, og pliktar å vise det fram når det blir kravd av jaktoppsynet.
- Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- Jaktkortet gjev rett til å drive jakt med «løs på drevet halsende hund» etter hare og rev i tidsrommet 10. oktober – 28/29. februar.
- Jakt og jakttid skal gå føre seg etter gjeldane regleverk frå Miljødirektoratet.
- Jeger pliktar sjølv å sette seg inn i kvar grensene går, jakt på innmark krev den enkelte grunneigar sitt samtykke.
- Jakt i våre største og mest brukte hytteområde på Grotli, Nysætra, Billingen, Liavatnet og Heggebottvatnet er ikkje tillate. Grensene fylgjer reguleringsplanen for hytte/fritidsbustadområde.

***Ved kjøp av småviltkort i Skjak Almenning
godtek jegeren overståande jaktreglar***